


Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Samferdsleavdelinga  
Askedalen 2  
6863 Leikanger

KOP



Ref.:

Vår ref.:  
2013/50-4 363(-14)  
(og 14/382-2)

Dato:  
13. mars 2014

### Namn på tre tunellar i Stryn. Tilrådde skrivemåtar.

Me syner til eit brev som Kartverket skreiv til Sogn og Fjordane fylkeskommune 10. juli 2013 og til den medsende kopien av eit brev Stadnamntenesta fekk frå Statens vegvesen 11. februar i år.

Namna på dei to tunellane attmed Holen og Agjeld i Stryn bør skrivast **Holetunellen** og **Agjeldstunellen**. (Samanlikn med eksisterande naturnamnformer i same området, til dømes *Holefossen*, *Holneset*, *Holeskaret*, *Agjeldsdalen* og *Agjeldselva*. Sjå punkt 3.1.b.V i rettleiinga som er knytt til forskrifta til stadnamnlova. Me syner òg til dei medsende brevkopiane, kopien av eit e-brev som Elin Hilde skreiv til Åmund Fykse i Kartverket 8. februar 2012 og kopien av eit brev som Trongeråsa grunneigarlag skreiv til Statens vegvesen 25. februar i år.)

Statens vegvesen nemner i sitt brev tre forslag til namn på den nye tunellen som etter planen skal byggjast litt lengre inne på same vegstrekninga. Dei føreslegne namneformene er *Geilane tunnelen*, *Nevrehammartunnelen* og *Uglatunnelen*. Etter det me skjønar, skal tunellen gå under Nevrehammaren. Me finn det difor mest tilrådeleg at tunellen frå namnet **Nevrehammartunnelen**. (*Geilane tunnelen* er feil samansetjingsform. Jamfør med det me skreiv i andre avsnittet om *Hole-* som avleiingsform av namnet *Holen*.) Grunneigarlaget meiner denne tunellen bør kallast **Vangbergstunellen** (og at den gamle tunellen på staden bør få namnet *Gamle V.*) Skrivemåten **Vangbergstunellen** er tilrådeleg.

Hordaland fylkeskommune har nyleg vedteke skrivemåten **-tunellen** i to tunellnamnsaker, éi i Samnanger og éi i Bømlo. Skrivemåten **-tunellen** bør òg takast i

bruk i namn på nye tunellar Sogn og Fjordane.

Med helsing frå

*Oddvar Nes*

Oddvar Nes  
stadnamnkonsulent

*Ole-Jørgen Johannessen*  
Ole-Jørgen Johannessen  
stadnamnkonsulent

*Kjell Erik Steinbru*

Kjell Erik Steinbru  
rådgjevar / sekretær

- ✓ Kopi til: Statens vegvesen, Regionkontoret, Askedalen 4, 6863 Leikanger  
Kartverket Bergen, 3507 Hønefoss  
Stryn kommune, (v/ Anita Myklebust), Tonningsgata 4, 6783 Stryn